

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger

Emne: Bordskikk til hverdags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- Igamal tid koka dei maten i stova, der dei var med
~~ix~~ arbeidet, og der åt dei og. No lagar dei maten i kjø-
 kenet, og der et dei og til vanleg.
1. Eg har ikkje høyrt at det har vore gjort skilnad på tenestfolk og andre. Alle sat ved same bordet.
 2. Alle sat ved same bordet. Det er vanleg skikk no og.
 3. Alle på same tid.
 4. Alle same maten.
 5. Det vanlege er på kjøkenet til kvardags.
 6. Ved helgane et ein gjerne i stova, men ikkje alltid. Alle ved same bord då og.
 7. Husfaren ved enden av bordet, karane på ei side og kvinnene på hi. Helst etter alderen.
 8. Dette har eg ikkje høyrt noko om her.
 9. Det heiter høsetet, men ordet er lite brukt no. Det er helst ved enden av bordet.
 10. Dette er det ikkje nokon fast regel om.
 11. Vasking av hendene er komen litt etter litt i den seinare tida, no er det vanleg, men ikkje alle gjer det endå.
 12. Graut åt dei av same fat. Ei skei graut stakk henne ned i mjölkebinnet, helst ei skål. Sume bruker det på same måten no og, men med eigen tallerk graut. Men sume slær mjölk ut over grauten. Sume et graut og drikk mjölk til.
 Ein kan truleg seie at det var kaffien som fekk folk til å bruke egne koppar.
 Römaske (rjomekolle) åt dei av same asken eller fatet.
 13. Veit eg ikkje noko om.
 14. Dei laga bete av ~~xxx~~ smör, smolt, flot (kjötfeitt) poteter og fisk. Spekesild la dei og mellom bröd, men utan poteter og feitt, det same med spekeflesk og spekekjöt.
 15. Dette er brukt slik.
 16. Nei.
 17. Veit eg ikkje noko om.
 18. Har ikkje høyrt noko om dette.

11278

19. Kvar hadde si skei. I gamal tid hadde kvar sin faste stad for skeia i veggjen bak seg. Ho var laga av tre eller horn. Eg har høyrt sagt av folk at dei tykte ikkje römasketen smaka etter dei slutta med hornskei.
20. Ein gjekk frå sams fat til djupe tallerkar til graut.
21. Bordet var trekvitt og skura.
22. No er det helst voksduk.
23. Smør og brödmat vart etlja.
24. "
26. Ikkje nokon fast regel om dette. Hjelp helst hos mor eller eldre systrer.
27. Det var bruka. Om det var vanleg, kan eg ikkje seie. Dei vil helst ikkje fortelje om slikt.
28. På sume stader les småborna ei bordbön eller vers. Eg trur det er vandt å seie at det er på dei fleste stader.
29. Har ikkje høyrt noko spesielt om dette.
- 30 og 31. Same svaret.
32. Det burde haldast bordskikk.
33. Nei.
34. "Signe maten". No er det "Velbekomme."
35. Det var vanleg.
36. Det er det vanlege.
37. För stelte ein gjerne noko ekstra, no er det mindre vanleg. Det kjem seg vel av at matstellet er betre no.
38. Kaffikjelen stod ikkje på, heller ikkje no.
39. Dei et ved same bordet.
40. Det var det, men no er det mindre av det. Men i gravferder er det vandt å få folk til bords, dei vil halde seg atteende.
41. Ikkje noko fast om dette.

Nov. 1955.